



## Statens vegvesen

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Marianne Skulstad / 55516253

Vår referanse:  
17/79561-2

Dykkar referanse:  
17/3013 - 18/1241

Vår dato:  
23.02.2018

### Merknad til planprogram og varsel om oppstart av kommuneplanen sin arealdel 2019 – 2031 – Lindås kommune

Vi viser til motteke varsel om oppstart av planarbeid med kommuneplanen sin arealdel, samt høyring av planprogram for arbeidet.

#### Føremål med planarbeidet

Lindås kommune vedtok Kommuneplanen sin samfunnsdel hausten 2017. Eit hovudmål med rulleringa av kommuneplanen sin arealdel er å følgje opp strategiane i samfunnsdelen.

Hovudtema for rullering av arealdelen er:

- Sentrumsutvikling
- Næringsutvikling
- Bustadutvikling
- Landbruks-, natur- og friluftsområde
- Grønstruktur
- Byggeområde for naust.

#### Vår rolle

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riks- og fylkesveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, forvaltar av fylkesveg på vegne av fylkeskommunen og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

### **Planavgrensing**

Lindås kommune vil halde arealet omfatta av kommunedelplan for Knarvik–Alversund med Alverstraumen unnateke frå arealavgrensinga for kommuneplanens arealdel. Statens vegvesen meiner at dette er ei uheldig praksis, då kommuneplanen bør omfatte heile kommunens avgrensing. Handsaming og forståinga av kommuneplanen sin utstrekning vert komplisert når dei overordna plandokumenta ikkje gjeld for heile kommunen.

### **Krav til nye reguleringsplaner**

Lindås kommune vil utarbeide ein standard for nye reguleringsplaner i kommunen. Statens vegvesen ber om at trafikktryggleik vert eit tema som skal avklarast og løysast i alle reguleringsplanprosessar. Dette vil mellom anna innebære vurdering av tilkomst til planområdet, ev. skuleveg og endring i trafikk grunna planarbeidet. Andre tema kan og vere aktuelle, og må vurderast i den einskilde sak. Reguleringsplanar som omfattar endring i riks- eller fylkesveg må sikre anleggsbelte til gjennomføring av vegtiltaka.

### **Sentrumsutvikling**

Statens vegvesen støttar Lindås kommune i målsetjinga om å leggje til rette for gåande og syklende i regionsentreret Knarvik og nærsentra Ostereidet og Lindås. Vi er òg samd i at val av parkeringsløysingar påverkar transportval både internt i sentrumsområda og til/frå sentrum. Vi vil oppmode til at kommunen legg til rette for gode parkeringsfasilitetar for sykkel, sentralt plassert i sentrumsområda.

### **Næringsutvikling**

I samfunnsdelen til kommuneplanen har kommunen vedtatt at dei vil utvikle arealintensiv næring langs E39 og fv. 57. Generelt sett er Statens vegvesen samd med den vurderinga, men vi meiner samstundes at ein må avgrense tal på nye områder, for å unngå nedbygging av hovudvegnettet. Vi ber difor om at ny næring primært vert lokalisert ved eksisterande næringsområder.

Statens vegvesen er positiv til at kommunen gjennom planprosessen vil kartleggje behov for areal til massehandtering. Lokal plassering av overskotsmasser har høg nytteverdi m.a. ved infrastrukturtiltak. Statens vegvesen vil oppmode kommunen til å vurdere areal for både mellombels og varig masselagring. Statens vegvesen er elles oppteken av trygg tilkomst til deponiområda, og ber om at dette vert vurdert i planarbeidet.

### **Bustadutvikling**

Statens vegvesen er opptatt av at kommunen sine planar skal byggje opp under målsetjinga om redusert bilbruk i storbyområdet. I denne samanheng er samordna bustad-, areal- og transportutvikling (SBATP) avgjerande for å lukkast. Det er difor positivt at Lindås kommunen ønskjer å utvikle Knarvik som regionsenter og Lindås og Ostereidet som lokalsentre, og legg vekt på konsentrert utvikling i desse områda. Dette er i tråd med overordna føringar.

I planprogrammet skriv Lindås kommune at dei vil kartleggje eksisterande bustadtilbod og venta befolkningsvekst. I den samanheng må kommunen sikre at det er samsvar mellom behov for bustader og planreserve for områder til bustadføremål. Statens vegvesen ser det difor som positivt at kommunen vil vurdere å ta ut uregulerte områder avsett til bustadformål, som ikkje er i tråd med SBATP.

I planprogrammet skriv kommunen at dei vil definere retningsliner til framtidig bustadbygging på eit overordna nivå, og dele kommunen inn i soner med ulike strategiar knytt til fortetting og nye bustadområder. I følgje planprogrammet skal inndelinga mellom anna ta utgangspunkt i nærleik til sentrumsområda og utvikling i transportnett. Det er litt uklart for oss kva som er hensikta med soneinndelinga, og kva krav og omsyn som skal leggjast til grunn. Skal dette sjåast i samanheng med strategi for spreidd busetnad i LNF-områder eller gjeld det bustadområder i sentrumsområda og etablerte bustadfelt? Statens vegvesen ber kommunen nytte soneinndelinga som eit grep for å styre veksten i folketal til sentrumsområda i kommunen og til fortetting i eksisterande bumiljø, framfor å etablere nye bustadområder.

#### **Landbruks-, natur- og friluftsområde**

I tillegg til bustadutvikling i senterområda, har Lindås kommune stadfesta i samfunnsdelen til kommuneplanen at dei vil legge til rette for noko spreidd busetnad og mindre bustadfelt i heile kommunen.

Statens vegvesen meiner at omfanget av LNF-spreidd arealføremål bør avgrensast, mellom anna med bakgrunn i at den i stor grad er bilbasert. Det må setjast strenge kriterier for kva områder ein slik spreidd busetnad er ønska, og vi ber om at kommunen talfester kor mange einingar som kan etablerast i kvart område. Etter vårt syn bør områda for LNF-spreidd vere små, og dei bør vere knytt til eksisterande busetnad. Statens vegvesen er positiv til at kommunen vil vurdere desse områda i høve til trygg skuleveg og øvrig infrastruktur.

#### **Grønstruktur**

Statens vegvesen er positiv til at det vert vurdert trong for parkering ved grøntområda. Dette kan bidra til auka tryggleik på og langs vegnettet.

#### **Byggjeområde for naust**

Ved naust og naustområder må ein ha køyrbar tilkomst og parkering. Naustområder bør difor lokaliserast i områder som har tilfredsstillande infrastruktur. Tilhøve for gåande og syklande bør vere del av vurderinga.

### **Byggjeregrenser**

Byggjeregrenser langs offentlig veg skal ivareta omsyn til trafikktryggleik, drift og vedlikehold av vegen, arealbehov ved framtidig utbetring av veg, og miljøet på eigedomene langs vegen.

Byggjeregrense langs riks- og fylkesveger er 50 meter jf. vegloven § 29. Både veglova og plan- og bygningslova opnar for at desse byggjeregrensene kan endrast i kommuneplan. Dette gjorde Lindås kommune allereie i førre kommuneplan, då dei vedtok eigne byggjeregrenser langs (riks- og) fylkesvegnettet for uregulerte områder. Statens vegvesen ber om at desse byggjeregrensene vert revidert ved denne rulleringa av kommuneplanen, slik at dei vert i samsvar med den til ein kvar tid gjeldande «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjeregrenser for riks- og fylkesvegar i Region vest*» som er vedtatt av Hordaland fylkeskommune.

Ved utarbeiding av rammeplanen er det gjort ei strekningsvis vurdering av vegnettet i Lindås kommune, vegens transportfunksjon og tilhøva på og langs vegen, før vegnettet vert delt inn i 4 haldningsklassar. Byggjeregrensa for klasse 1 og 2 er på 50 meter, klasse 3 på 30 meter og klasse 4 på 15 meter. Rammeplanen, og dermed dei nemnde byggjeregrensene, er ikkje juridisk bindande og fører ikkje til endring av søknadsplikt for tiltak som ligg nærare vegen enn 50 meter frå vegmidte, før dette ev. vert heimla i plan.

Dersom arealdelen av kommuneplan har eigne føresegner om differensierte byggjeregrenser etter plan og bygningslova, vil dette erstatte den generelle byggjeregrensa på 50 meter langs riks- og fylkesveg som kjem av veglova si § 29. Vi vil likevel gjere merksam på at byggjeregrenser i veglova er meir omfattande med eigne byggjeregrenser mellom anna langs gang- og sykkelveg og i kryssområder som ikkje vil vere omfatta KPA sine føresegner, og at det framleis vil vere behov for å handsame saker etter veglova §32 og 33.

### **Om E39**

Statens vegvesen skal utarbeide kommunedelplan for ny E39 frå Flatøy til Eikefettunnelen. Planprogrammet er vedtatt av Lindås kommune, og viser fleire ulike trasear som skal greiast ut vidare i åra som kjem. Statens vegvesen ber om at Lindås kommune i arbeidet med kommuneplanen sikrar at ny arealbruk ikkje vil kome i konflikt med dei aktuelle traseane for E39.

Statens vegvesen ønsker lukke til med planarbeidet, og er open for dialog om tema som rører ved våre fagområder.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen  
Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonssjef

Marianne Skulstad  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Fylkesmannen i Hordaland, Postboks 7310, 5020 BERGEN  
Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN